



Styremøte

Tid og stad:

Onsdag 9. september 2015 kl. 18.00 ved klubbhuset i Oshaugane.

Saksliste:

1. Mobilinnsamlinga
2. Kioskinnbrotet
3. Møte i regi av idrettskrinsen
4. Klubbhusprosjektet
5. Eventuelt

Desse var til stades:

Leiar	Anne Bjørg Bringsvor
Nestleiar	Endre Vorren
Sekretær	Eirik Voksøy Bringsvor
Kasserar	Svein Helge Bringsvor

Styremedlem Knut Olav Skare var ikkje til stades.

Referat:

Sak 1: Det vart gjennomført dør-til-dør-innsamling av gamle mobiltelefonar fredag 4. september. EV og ABB i kvar sin bil hadde med seg nokre av dei aktive som innsamlarar. Resultatet vart ok, omtrent som venta. Veska på butikken vil bli hengande der ut månaden.

Sak 2: Innbrotstjuven har per 1.9. betalt 4500 av totalt 8893,75 kroner for skaden som vart påført klubbhuset ved innbrotet natt til 29. juni 2013. I fylgje avtalen inngått og underskriven i konfliktråd 26. januar i år, skulle heile summen vere innbetalt ved utgangen av august. Det har vorte inngått munnlege avtalar om utsetjing i ettertid. ABB og SHB held kontrollen inntil saken er ute av verda.



Sak 3: ABB og KOS representerte Sandsøy Idrettslag på eit møte i regi av Møre og Romsdal Idrettskrins i Ulsteinvik måndag 7.9. Det var gode rundstykke og ok kaffi, men minimalt utbytte elles. Møtet handla om fylkeskommunale tilskot og korleis utvikle idretten i Møre og Romsdal.

Sak 4: EV og eit par andre røyster utanfor styret har ytra meining om at det bør utbetalast løn til dei som har gjort eit betydeleg arbeid med byggeleing av klubbhusprosjektet. Semje om å avvente dette til prosjektet går mot slutten.

Banklånet er framleis ikkje på plass. Vi ventar på at kommunen skal få i orden nødvendige papir som skal vise at idrettslaget har rett på byggegrunnen. Dette for å kunne setje pant i eigedommen. SHB og EVB fylgjer opp saken vidare.

Tilbod på treningsutstyr/-apparat frå Exer Fitness og Sportsmaster vart lagt fram. Førstnemnde er brukt som bakgrunn for innsendt søknad om RDA-midlar. Svar på denne er ikkje gitt pt. Eventuelt vedtak om å gå for det eine eller det andre tilbodet vert ikkje gjort no, men det er stemning for å kjøpe alt utstyret nytt og samla frå ein leverandør, og ikkje brukt frå mange ulike privatpersonar. Grunnen er arbeidsmengde og fraktkostnad ved å kjøpe her og der, samt større tryggleik med tanke på service, reservedelar, garanti osv.

RDA-midlar kan gjevast til inntil halvparten av totalkostnaden. Vi veit at prosjektgruppa for treningsstudio i Gjerdsvika har fått tilsegn på 250 000 kroner, og stiller oss noko uforståande til at dei har sendt søknad basert på ei investering på totalt ein halv million kroner – altså berre for utstyr. EV prøvar å få innsyn i søknadsdokumenta.

Klubbhusprosjektnemnda tilrår at vi kjøper profesjonelle folk til støyping av golvet. Vebjørn Strømsnes er i dialog med Forskaling og Golvstøp AS frå Ålesund. Det vil koste om lag 15 000 kroner pluss reiseutgifter – ikkje medrekna betong.

EVB orienterte om stoda i prosjektet. Bygget er no tett, og det er klart for å førebu støyping av golvet. Men det er bestemt at det utvendige vert prioritert



så lenge det er nokolunde godt vêr. Taksteinen på halve gamlebygget vart fjerna i går. Nytt yttertak vert lagt med det første. Vindauge og ytterdør er også levert, og vil bli montert etter at golvplata er støypt. Innvendig arbeid kan truleg startast innan utgangen av oktober. Altså er vi godt i rute.

Sak 5: Vi fekk for ei tid tilbake eit brev frå ein anonym avsendar som var dommar på ein fotballkamp her for mange år sidan, ein gong mellom 1982 og 1995. I konvolutten låg det 400 kroner. Han (truleg ein "han") skriv at dette er tilbakebetaling, inkludert solid rente, av det han tok for mykje av som løn. Han rakk ei ferje tidlegare, slik at det måltidet han rekna med, ikkje vart nødvendig. Pengane vert lagt i klubbkassa som "gåve".

Nokre av fotballspelarane våre som er fødde i 2003 er påmeldt til den såkalla "landslagsskulen". Dette er ein modell utarbeidd av fotballforbundet. Dei utvalde spelarane vil kunne delta på regionale samlingar til vinteren.

EVB har ikkje starta opp att friidrettstreningane etter sommaren. Han vil at nokon andre skal overta trenaransvaret. EV loddar stemninga blant foreldre og born, og prøvar å få på plass trenar til oppstart igjen for eksempel i oktober. Nødvendig å få tilgang til gymsalen igjen?

Møtet var slutt 19.45.